



Både unge og eldre har vore gjestar på kafeen. Her er Hege Lekva med tre små. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag var siste opningsdagen før jul for Cafe TI-aren i Gamleskulen. Det er tydeleg at juleførebuingane er i innspurten og at folk er opptekne med dei, for det møtte fram berre 17 denne dagen.

Men dei tre damene som hadde teneste fekk ei gledeleg overrasking: Styret i Uskedalen Utvikling stilte opp med blomar til alle dei 18 damene som har gjort teneste sidan kafeen opna i september.

På kortet som var med blomane framførte styret "ein stor takk for innsatsen dere gjer med kafe i Gamleskulen".

Det har i alt vore i overkant av 400 innom kafeen og det gjev eit gjennomsnittsbesøk på rundt 30 gjester kvar gong.

Målsettinga i 2008 må vel vera å auka dette talet til minst 50?

Av Ola Matti Mathisen